



DEN NORSKE KYRKJA

Kaupanger Sokneråd

Referat frå møte i Kaupanger Sokneråd

Kaupanger 08.10.21

Møtedato: **Tysdag 05.10.2021.**
Møtetid: **Kl. 18.00**
Møtestad: **Gamleskulen på Kaupanger**

Desse møtte: 1) Einar Skeie, leiar 2) Rasmus Stokke, skrivar 3) Terje Hauståker, kasserar 4) Anny Hofsvik, vara 5) Egil Reindal, vikarprest
Fråfall: Margunn Lomheim, May Kristel Bødal, Marie Bukholm og Inger Johanne Talle

Opning:

- Velkomen og gjennomgang av saklista v/Einar
- Ord for dagen: Ved Egil Reindal

Saker:

Sak 31/21 Godkjenning av innkalling og referat frå møtet 24.08.21.

Godkjent

Sak 32/21 Oversikt på gudstenesteplan og møteplan for SR frå 05.10.21 og ut året 2021.

Alle detaljane ikkje heilt avklart enno, vil oppdaterast på neste møte 09.11.

Neste soknerådsmøte: 9/11 og 7/12.

Me diskuterte når ein kunne starte opp att gudstenester med nattverd. Den første blir 21/11. og deretter 26.12.

Det blir berre ei gudsteneste julaften, kl. 1200.

Første gudsteneste i 2022 vert 23 januar.

Me vurderer offergåver vidare utover hausten på neste SR- møte 9/11. Inntekter via VIPPS så langt i år er kr.11 450,-

Oppdatert gudstenesteplan per 08.10. er vedlagt.

Sak 33/21 Invitasjonen til «multimediaforestilling» kalla Markusevangeliet ved Christian Stejskal

Stejskal kunne ikkje akseptere å betale leige for Leikanger kyrkje slik det var foreslått, og forestillinga blir ikkje gjennomført.

Sak 34/21 Søknad om offer til Bjørgvin si venskapskyrkje på Cuba via brev frå biskopen

Viser til brev frå Bjørgvin bispedøme om å støtte venskapskyrkje på Cuba. Bispedømet har god kontakt med kyrkja, og pandemien har gjort situasjonen deira vanskelegare.

Konklusjon: Ein gir eit offer på nyåret til kyrkja på Cuba.

Soknerådet diskuterte også situasjonen rundt offer og minkande inntekter til soknerådet.

Konklusjon: Me tek i bruk offerposar att i tillegg til VIPPS frå og med gudstenesta 17/10.

Sak 35/21

Orienteringssaker:

- a) Nye benker(5 stk.) til kyrkjegarden blei levert tysdag 29.juni. Har motteke positive kommentarar til at dei ser bra ut. Har fått løyve frå Kaupanger Hovedgård om lagring innadørs på låven til vinteren.

*NB! Haustdugnad for å ta inn benkane og luke ugras, legge dekkbark og rydde på den nye kyrkjegarden: **Onsdag 20/10 kl. 1630.***

- b) Ta stilling til i SR om når me ynskjer å ta med «utdeling av nattverd på gudstenestene». *Det blir på gudstenesta 21/11. og 26.12. denne hausten.*

- c) Ny kasse for lagring av «strøsand» ved kyrkjeporten er på plass, må beisast til våren. *Me gjer det i samband med vårdugnaden.*

- d) Ny vikarprest for Kathrine Valle i Kaupanger er Egil Reindal, som hadde ansvaret for to gudstenester søndag 26.sept. Han blei ønska velkomen. Egil skal gjere teneste til ut november.

- e) «Tårnagentdagen» som var planlagt i Ølmheim kyrkje laurdag 23.oktober er avlyst.

- f) Det var medarbeidarfest i Stedje kyrkje onsdag 29.sept. 3 stk frå vårt sokn stilte der. Koseleg kveld med god servering og fine innslag.

- g) Gjer merksam på fellesmøte i Stedjetunet om høyring av ny kyrkjeordning **tysdag 19. oktober kl.19.00. Vegard vil leia den kvelden. Einar og Rasmus deltek.**

- h) Fellesrådet har motteke kr. 60 000,- til coronatiltak. Kaupanger sokneråd får kr. 1898,- av midlane. Det har kome opp eit initiativ til å bruke av det til eit fellesarrangement mellom sokna, med Stedje som arrangør.

Soknerådet er i utgangspunktet positive til å bidra til eit felles arrangement.

For Kaupanger Sokneråd

Einar Skeie/leiar

Rasmus Stokke/skrivar